



for kvalitet i vidaregående opplæring i Møre og Romsdal

2023-2027



Ein tydeleg medspelar

“Vi vil utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring ved å vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen, og vere profesjonelle i alt vi gjer. Vi skal vere fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt.”

Foto:

Erik Birkeland:
side 2, 4, 10, 11, 12, 14,
15, 17, 18 og 20

Terje Aamodt:
side 8 og 21

Layout:

Tingh

Utgivar:

Kompetanse- og
næringsavdelinga

Trykk:

Fellestenesta

Møre og Romsdal
fylkeskommune



Innhold

Innleiing.....	s. 3
Målsettingar og prioriterte område	s. 3
Læringsmiljø	s. 5
Læringsresultat	s. 9
Gjennomføring.....	s. 12
Leiing og profesjonsutvikling.....	s. 16
Oppfølging av kvalitetsarbeid	s. 18
Fylkesstrategiane	s. 20
Inkluderings- og kompetansefylket.....	s. 22



Innleiing

Den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune skal både danne og utdanne, og skape trygge rom for meistring og læring. Dette er samfunnsoppdraget vårt. Opplæringa skal vere framtidsretta og fremme lærelyst for alle elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar, lære kandidatatar og vaksne elevar. Desse gruppene blir vidare kalla elevar og lærlingar. Alle elevar og lærlingar skal ha gode læringsmiljø, faglege utfordringar, god oppfølging og oppleve ein vurderingspraksis som fremmer motivasjon og læring. Opplæringa skal bidra til å utvikle

kunnskap, ferdigheiter og evner til å bruke kompetansane til deltaking i samfunns- og arbeidsliv.

I tida framover vil det skje fleire endringar i utdanningssektoren. Desse inneber blant anna ny opplæringslov, fullføringsreforma og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ein skal også arbeide vidare med Kunnskapsløftet 2020.

Her finn ein meir informasjon om ny opplæringslov (udir.no)

Om fylkesstrategien

Fylkesstrategien er ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–24, og bygger opp under måla i denne. Av desse måla er fylkesplanmål 4 under inkluderings- og kompetansefylket det mest sentrale: «Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring».

Fylkesstrategien er delt inn i fire hovudområde. Desse følger krava til oppfølging av kvalitet etter §§ 13–3 e og 13–10 i opplæringslova:

- **Læringsmiljø**
- **Læringsresultat**
- **Gjennomføring**
- **Leiing og profesjonsutvikling**

Møre og Romsdal fylkeskommune rapporterer på kvaliteten til den vidaregåande opplæringa kvart år, og hovudområda går igjen også her. Den årlege tilstandsrapporten (Kvalitetsmeldinga) er heimla i opplæringslovas § 13–3 e.

Her finn ein § 13–3 e i opplæringslova om korleis fylkeskommunen er plikta til å arbeide med kvalitetsutvikling.

Her finn ein den gjeldande fylkesplanen for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Målsettingar og prioriterte område

I sak T-0100/22 Kvalitetsmeldinga 2022 vart det vedteke å arbeide vidare med å utvikle kvaliteten til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal med særleg vekt på desse målsettingane og prioriterte områda:

- **Auke gjennomføringa**, med mål om at over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring.
- **Arbeide vidare med læringsmiljø**, med mål om at arbeidet skal bidra til trygge skole-, klasse- og arbeidsmiljø, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø bidrar til livsmeistring, og legg til rette for utvikling av sosiale og faglege kompetansar.



- **Betre læringsutbyttet gjennom aktiv medverknad**, med mål om at elevlar og læringar skal ha moglegheit til å medverke i opplæringa si. Elevlar og læringar skal bli høyrde og involverte i eige læringsarbeid. Skolar og lærebedrifter skal vere aktive i arbeidet med å inkludere elevane og læringane sine, slik at dei opplever reell medverknad.
- **Betre overgangane i opplæringa**, med mål om at gode overgangar skal føre til at fleire gjennomfører den vidaregåande opplæringa. Arbeidet skal betre samarbeidsstrukturane for overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift

og i overgangar til høgare utdanning. I overgangsarbeidet skal elevlar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid stå i særleg fokus. Det skal bli arbeidd med å førebu og kvalifisere fleire elevlar til opplæring i bedrift i samarbeid med arbeidslivet.

- **Vidareutvikle leiing, skoleutvikling og profesjonsfellesskap**, med mål om å fremme gode delings- og læringskulturar gjennom aktiv deltaking og dialogar. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus i arbeidet med skolebasert kompetanseutvikling, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis.



1. Læringsmiljø

Resultatmål

Ein skal skape betre læringsmiljø, der alle elevar og lærlingar får utvikla sosiale og faglege kompetansar som del av eit klasse- eller arbeidsfellesskap der dei opplever å høyre til og har det trygt og godt.

Måleindikatorar

- Skåren for trivsel i elevundersøkinga skal vere minst 4,3.¹
- Skåren for læringskultur i elevundersøkinga skal vere minst 4,1.
- Skåren for motivasjon i elevundersøkinga skal vere minst 4,0.
- Mobbing i skolen skal vere 0 prosent.
- Skåren for trivsel i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3.
- Skåren for motivasjon i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3.
- Mobbing og uønskt seksuell merksemd på arbeidsplassen skal vere 0 prosent.

Eit godt læringsmiljø skal fremme læring og lærelyst, og skal bidra til utvikling av dei faglege og sosiale kompetansane som trengst for at elevar og lærlingar skal meistre liva sine. Eit læringsmiljø skal også vere trygt. Både fysisk og psykisk helse, trivsel og inkludering er viktige føresetnader for at elevar og lærlingar skal oppleve læringsmiljøa sine som trygge. Alle elevar og lærlingar skal oppleve å høyre til og vere del av faglege og sosiale fellesskap. For at alle skal høyre til må ein også sørge for at undervisningsrom, skolebygg, læremiddel og læringsressursar er utforma på ein måte som er tilgjengelege for alle. I arbeidet med å vurdere og velje

læremiddel kan skolane bruke rettleiaren for val og bruk av læremiddel.

[Klikk her for å opne rettleiaren for val og bruk av læremiddel \(udir.no\).](#)

Skolar og lærebedrifter skal arbeide kontinuerleg og førebyggjande med læringsmiljøet, eit arbeid også innsatsteamama mot mobbing skal ta del i. Det skal vere nulltoleranse for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering, seksuell trakassering og andre former for trakassering. For å førebygge krenking er det viktig med inkluderande haldningar i læringsmiljøa til elevar og lærlingar.

¹ I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.



Alle vaksne rundt elevar og lærlingar har plikt til å følgje med på skole- og læringsmiljøet deira, og skal melde i frå der det er mistanke om at retten på eit trygt og godt skolemiljø er broten. Skolar har eit særleg ansvar for elevar med særskilt sårbarheit. Alle tilsette skal kjenne til kjenneteikna på særskilt sårbarheit, og skolar skal ha eit system for å fange opp desse elevane. Skolar og lærebedrifter skal også ha eit system for å sikre tidleg innsats og tett oppfølging av elevar og lærlingar med ulike utfordringar i kvardagen for å hjelpe flest mogleg til å fullføre opplæringa. Innsatsen skal skje i samarbeid med heile laget rundt eleven.

[Her kan ein lese meir om elevar med særskilt sårbarheit \(udir.no\).](#)

Det skal bli vurdert kva som er til det beste for eleven eller lærlingen i alle saker som omhandlar læringsmiljø, og tiltak som blir sette i verk skal alltid følgast opp (jf. barnekonvensjonen og opplæringslovas kapittel 9 A). Innsatsteamet mot mobbing skal bli kopla på når elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø. Når det oppstår særleg alvorlege saker, skal også skoleeigar bli varsla. Skolar og lærebedrifter skal ha rutinar som sikrar at elevane og lærlingane blir høyrde i saker som omhandlar dei. I arbeidet med vanskelege saker er det også viktig å samarbeide godt med føresette, skolehelsetenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta) og andre aktørar.


[Her kan ein lese meir om korleis barnekonvensjonen verker inn på behandlinga av elevsaker i opplæringa \(udir.no\)](#)

[Her finn ein kapittel 9 A i opplæringslova. Kapittelet omhandlar elevane sitt skolemiljø \(lovdata.no\)](#)

Alle elevar og lærlingar har rett til å få tilpassa opplæringa etter føresetnadene sine. Godt tilpassa opplæring sikrar best mogleg utbytte av opplæringa, og sørger for at flest mogleg elevar kan ta del i den ordinære undervisinga og klassefellesskapet. Tilpassa opplæring omhandlar både spesialundervisning og ordinær opplæring. Spesialundervisning er ein individuell rett elevar og lære kandidatatar kan ha. Tilpassa opplæring kan skje gjennom organiseringa av opplæringa, pedagogiske metodar og progresjon. Det er viktig at tilpassing av opplæringa er ein del av ein inkluderande praksis. Elevar og lærlingar skal få hjelp raskt der dei er, utan å bli tekne ut av sosiale og faglege fellesskap. Gjennom arbeid med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal kompetansen til dei tilsette i skolane, PP-tenesta og andre i laget rundt elevane styrkast, slik at dei samla sett kan bidra til eit inkluderande, likeverdig og tilpassa tilbod for alle.

[Her kan ein lese meir om tilpassa opplæring \(udir.no\).](#)

[Her kan ein lese meir om Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis \(udir.no\)](#)



Resultatmål

Alle elevar og lærlingar skal oppleve å ha moglegheit til å medverke i opplæringa si, og slik skape større læringsutbytte.

Måleindikatorar

- Skåren for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga skal vere minst 4,0.²
- Skåren for vurderingspraksis i elevundersøkinga skal vere minst 3,5.
- Møte i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval.
- Skåren for medverknad, rettleiing og eigenvurdering i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,0.
- Skåren for halvårsvurdering i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3.

Opplæringa skal bygge demokratiforståing og ei oppleving av medborgarskap hos elevar. Elevar og lærlingar skal oppleve å bli lytta til og ha reell medverknad i avgjerder som omhandlar dei. Medverknad skal skje i dialog mellom elev og lærar, lærling og instruktør, og gjennom råd og utval. Elevar og lærlingar skal blant anna kunne medverke i undervisinga, læringsaktivitetar, vurderingspraksis, trivselstiltak og gjennomføring av brukarundersøkingar. Skolar og lærebedrifter har ansvar for å legge til rette for at alle elevar og lærlingar får svara på elevundersøkinga og lærlingundersøkinga. Skoleleiinga skal legge til rette for etablering av elevråd, skolemiljøutval og skoleutval. Dei skal også sørge for at utvala har funksjon, og at dei behandlar saker som omhandlar skolekvardagen til elevane.

Elevar og lærlingar skal også kunne medverke i vurderingsarbeidet, fordi vurderingar har store innverknader på læringa deira. God vur-

deringspraksis har læring og motivasjon som mål. Skolar og lærebedrifter skal ha ein vurderingspraksis som fremmer sjølvfølelse, lærelyst og læring (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3). Etter § 3-10 i forskrift til opplæringslova skal undervegsvurderingar i fag vere ein integrert del av opplæringa. Undervegsvurderingar skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å tilpasse opplæringa, og skal bidra til å auke kompetansane til elevar og lærlingar. Dei skal også bidra til trygge og gode læringsmiljø gjennom gode relasjonar og samtalar mellom lærarar og elevar og fagansvarlege og lærlingar. Elevar og lærlingar har rett på desse samtalanene, og dei skal ta føre seg både fagleg og sosial utvikling (jf. forskrift til opplæringslova § 3-7).

I forskrift til opplæringslova § 3-10 blir det vist til fire læringsfremmande prinsipp som ligg til grunn for god undervegsvurdering. Vurderingspraksis i tråd med dei læringsfrem-

² I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.





mande prinsippa vil sørge for at undervisinga er i tråd med nasjonale føringar. Elevar og læringar skal:

- a)** delta i vurderinga av eige arbeid og reflektere over eiga læring og fagleg utvikling
- b)** forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei

c) få vite kva dei meistarar

d) få rettleiing om korleis dei kan arbeide vidare for å auke kompetansen sin

Her kan ein lese heile § 3-10 i forskrift til opplæringslova (lovdata.no). Paragrafen omhandlar undervegsvurdering i fag.

2. Læringsresultat

Resultatmål

Opplæringa skal førebu til deltaking i arbeids- og samfunnsliv

Måleindikatorar

- Skåren for meistring i elevundersøkinga skal vere minst 4,5.³
- Skåren for støtte frå lærar i elevundersøkinga skal vere minst 4,1.
- Skåren for fagleg utfordring i elevundersøkinga skal vere minst 4,4.
- Skåren for relevant opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8.
- Skåren for praktisk opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8.
- Skåren for variert opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8.
- Skåren for læreplan i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,0.

Opplæringa skal bidra til at elevar og lærlingar utviklar kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som krevst for å delta i arbeids- og samfunnslivet. Skolar skal mellom anna legge til rette for at undervisinga er relevant og yrkesretta i alle fag, og på tvers av dei. Det er viktig å sjå læringsresultata i samanheng med dei personlege føresetnadene til elevane og lærlingane, men også i samanheng med læringsmiljø, klasseleiing, eigeninnsats og motivasjon. Læringsresultata til elevane gir ein indikasjon på verknaden av opplæringa.

Overordna del av læreplanverket gjer greie for verdigrunnlaget, prinsippa og grunnsynet som skal prege opplæringa. Her står også

at skolar og lærebedrifter skal legge til rette for læring innan tre tverrfaglege tema. Desse er: folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling. Her skal ein også ha med det internasjonale perspektivet. Deltaking i internasjonale aktivitetar kan bidra til utvida perspektiv og forståing, auka kompetanse og til læring innanfor dei tverrfaglege temaa.

Opplæringa skal også leggje vekt på å lære å lære, samhandling, kommunikasjon og deltaking og utforsking og skaping. Djupnelæring, kritisk tenking og refleksjon er også ein viktig del av opplæringa. Elevane skal blant anna øve på nytenking og entreprenørskap i samarbeid med kvarandre. Ungt Entreprenørskap

³ I undersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.






kan bidra her, med fleire program. Som framtidige arbeidstakarar er det viktig for elevar å sjå moglegheitene i det regionale arbeidslivet.

Det skal bli arbeidd systematisk med grunnleggande ferdigheiter under heile opplæringsløpet. Dei fem grunnleggande ferdigheitene er lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter (jf. Overordna del av læreplanverket).

Digitale ferdigheiter er vesentlege for å kunne delta som medborgar i eit digitalt samfunn. Elevar må kunne velje, vurdere og bruke digital informasjon. Bruk av digitale verktøy bidreg også til motivasjon og læring hos elevar. At

elevar og lærarar får god opplæring i bruk av digitale verktøy er ein viktig føresetnad for bruk av digitale tenester, arbeidsmetodar, læringsstrategiar, læremiddel og læringsressursar. Skolar og lærebedrifter skal rettleie elevar og lærlingar slik at dei oppnår medvit og eit kritisk perspektiv på eigen teknologibruk. Det er ein føresetnad at lærarar har dei digitale kompetansane som krevst for å yte god opplæring i digitale ferdigheiter

Her kan ein lese meir om den overordna delen av læreplanverket [Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa \(udir.no\)](#).





Resultatmål

Gjennomføre internasjonale aktiviteter som styrkar kvaliteten og aukar læringsutbyttet i vidaregåande opplæring.

Måleindikatorar

- Alle skolar skal delta i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/EØS-program.
- Elevar, lærlingar og tilsette skal ha moglegheit til å få internasjonal erfaring gjennom EU/EØS-prosjekt.
- Årlege tildelingar gjennom EU/EØS-program.

Internasjonalisering skal vere ein naturleg og integrert del av opplæringa. Skolar, opplæringskontor og lærebedrifter skal legge til rette for at elevar, lærlingar og tilsette skal kunne få internasjonal erfaring. Gjennom EU-programmet Erasmus+ tek fylkeskommunen ei aktiv rolle for å auke og koordinere det internasjonale engasjementet i vidaregåande opplæring.

Deltaking i internasjonale aktiviteter vil kunne auke kvaliteten i opplæringa, bidra til skoleutvikling og styrke læringsutbytte for elevar og lærlingar. Internasjonale prosjekt gir tilsette moglegheita til oppdatert fagkompetanse og inspirasjon til utvikling av nye og innovative arbeidsmetodar.

Internasjonale impulsar, perspektiv og erfaringar er viktig for å kunne delta og bidra i eit samfunn prega av auka global påverknad og større kulturelt mangfald. Møre og Romsdal har eit eksportretta næringsliv, og deltaking i internasjonale aktiviteter kan bidra til auka arbeidslivsrelevans i opplæringa. Internasjonalisering vil òg kunne bidra til inkludering, auka motivasjon og betre gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Her finn ein den gjeldande fylkesstrategien for internasjonalt arbeid i Møre og Romsdal fylkeskommune.



3. Gjennomføring

Resultatmål

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Måleindikatorar

- Over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring.
- Minst 90 prosent av elevane skal fullføre og bestå skoleåret.
- Færre enn 3 prosent av elevane skal slutte i løpet av skoleåret.
- Fråværet til elevar skal vere lågare enn 4,5 prosent.
- Minst 96 prosent skal bestå fag-/sveineprøva.
- Færre enn 5 prosent av lærekontraktane skal bli heva.
- 90 prosent av søkarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på vgl.

Det blir stadig færre arbeidsplassar utan krav til formell utdanning. Utan vidaregåande opplæring risikerer unge å møte vanskar med å få varig tilknytning til arbeidslivet. Vidaregå-

ande opplæring skal derfor ha relevante og framtidsretta tilbod, og som skal bidra til å rekruttere lokal og regional arbeidskraft.



Resultatmål

Ein skal betre overgangane frå ungdomsskole til vidaregåande og frå vidaregåande til opplæring i bedrift og høgare utdanning, slik at fleire gjennomfører den vidaregåande opplæringa si.

Måleindikatorar

- Alle primærsøkarar til lærekontrakt med ungdomsrett skal få eit tilbod dei er kvalifisert for.
- Talet på nye lære- og opplæringskontraktar skal vere minst 1300.
- Skåren for utdanning- og yrkesretteleing i elevundersøkinga skal vere minst 3,8 .
- Skåren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet i lærlingundersøkinga skal vere minst 3,7.
- Skåren for indikatoren til yrkesfagleg fordjuping (YFF) i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,0.
- Skåren for indikator til yrkesfagleg fordjuping (YFF) i lærebedriftsundersøkinga skal vere minst 4,0.
- Minst 95 prosent av elevar med faget yrkesfagleg fordjuping skal ha praksis i bedrift i både vg1 og vg2.

Overgangar er ofte kritiske, og skolane må derfor arbeide med å gjere dei trygge og gode, særleg for elevar med særskilt sårbarheit. Skolar skal ha rutinar for å skape trygge overgangar mellom trinn og aktivitetar. Gode rådgivingstenester er sentrale for å skape dei gode overgangane. Rådgivingstenesta skal gi elevane gode grunnlag for å gjere val om vidare utdanning og yrkesaktivitet, og skal bidra til å skape gode samanhengar i det fireårige opplæringsløpet til elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Elevane må få gode kjennskapar til moglegheitene deira i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande opplæring, og her krevst godt samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen.

For å auke gjennomføringa er det også viktig å få fleire elevar til opplæring i bedrift. Regionalt og lokalt arbeidsliv er viktige bidragsytarar i denne samanhengen. Samarbeid med arbeidslivet bidreg til at opplæringa i skolen blir meir yrkesrelevant og at elevane blir betre førebudde på læretida og arbeidslivet. Skolane skal bidra til fleire opplæringsplassar og læreplassar gjennom avtalar om utplassering i samband med faget yrkesfagleg fordjuping. Yrkesfagleg fordjuping skal også hjelpe bedrifter å rekruttere elevar til læreplass. Skolane får støtte av formidlingsrådgivarar i arbeidet med å sikre gode overgangar mellom skolar til opplæring i bedrift.

⁴ I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.



Vi har ordningar som støtter opp om kompetanseutvikling på skolar og i lærebedrifter. Utvikling etter desse ordningane skal vere forankra i lokale behov og skal bidra til auka samarbeid mellom opplæring og arbeidsliv.

Ordningane skal også skape fornying og utviding av dei faglege og pedagogiske kunnskapane på skolar og i opplæring i bedrift, og skal legge til rette for nødvendige kompetansar.





Resultatmål

Alle delar av fylket skal ha eit godt tilbod til vaksne med rett til vidaregåande opplæring.

Måleindikatorar

- Minst 80 prosent av søkarane til vidaregåande opplæring for vaksne skal få tilbod om å starte opplæring det skoleåret dei søker.
- Minst 60 prosent av vaksne som startar på eit opplæringstilbod skal fullføre som planlagt kvart år.

Alle vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal få tilbod om opplæring som gir ønskt sluttkompetanse. Fylkeskommunen skal auke talet på vaksne med formell kompetanse i samband med fullføringsreforma, og slik hindre utanforskap og arbeidsløyse. Vaksenopplæringa skal ha tilbod som spe-

glar behova til både arbeidslivet og søkarar, og utforminga av tilbod skal skje i tett samarbeid mellom skolar og arbeidsliv.

Her kan ein lese Meld. St. 21 (2020–2021) Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden.



4. Leiing og profesjonsutvikling

Resultatmål


Vidareutvikle leiing, skoleutvikling og profesjonsfellesskap, med mål om å fremme gode delings- og læringskulturar gjennom aktiv deltaking og dialogar. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus i arbeidet med skolebasert kompetanseutvikling, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis.

For å sikre god praksis for leiing og profesjonsutvikling skal:

- skolar drøfte pedagogisk praksis, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet
- skolar ha arenaer for felles refleksjon og læring der lærarar og leiarar samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa
- leiardialogen fremme skoleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetanse-sjefen og den enkelte skole og på tvers av skolar
- medarbeidarundersøkingar og dialogar gi tilsette moglegheit til å medverke i eigen arbeidskvardag

Skolen skal vere eit lærande fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar og vurderer og vidareutviklar praksisen sin. Eit lærande fellesskap tek inn impulsar utanfrå, har endringskapasitet, vilje til kontinuerleg utvikling og bidreg til læring på alle nivå. Eit overordna mål for utviklinga er å skape inkluderande skolemiljø med vekt på læringa og utviklinga til elevar.

Ein skal ta omsyn til behova og føresetnadene til kvar enkelt elev, og sikre at lærarar har kompetansane som krevst for å tilpasse og legge til rette undervisinga. Arbeidet skal skje gjennom prioritering, organisering og drøfting av praksis. Ein skal også ha dialog med føresette og samarbeidspartar utanfor skolen.





Skolane skal også styre og undervise etter Kunnskapsløftet 2020 og sjå formålsparagrafen, overordna del og læreplanane i samanheng. Dei skal blant anna legge til rett for gode profesjonsfellesskap på eigne skolar, men også samarbeide med andre skolar og eksterne aktørar innan aktuelle tema. Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i skolen har som mål å skape lokalt tilpassa kompetanseutvikling som er forskningsbasert, og som skjer i samarbeid med høgskolar og universitet.

Her kan ein lese meir om dei nasjonale ordningane for lokal kompetanseutvikling (udir.no).

Fagnettverka er ein annan del av etterutdanninga på tvers av skolar, og er rådgivande faginndelte nettverk på oppdrag frå kompetansesjefen. Nettverka arbeider etter oppdragsavtalar, og skal halde fram med

Kunnskapsløftet 2020, vurderingspraksis og elevmedverknad og læringsmiljø for inkluderande praksis som utviklingsområde. Skoleleiarar og skoleeigar skal delta på leiarsamlingar for å drøfte og dele erfaringar om aktuelle tema, skoleleiing og drift. Også dei årlege leiardialogane mellom skoleleiing og skoleeigar er utviklingsarenaer.

Skoleleiinga skal ha ei langsiktig plan for kompetanseutvikling, og bruke arbeidstidsavtalen for å legge til rette for profesjonsutvikling og erfaringsdeling i kollegiet. Gjennom dei nasjonale strategiane Yrkesfaglærarløftet og Kompetanse for kvalitet skal lærarar og skoleleiarar få moglegheit til vidareutdanning og eventuelt utdanning for å fylle krava til kompetanse.

Her kan ein lese meir om dei ulike ordningane for vidareutdanning (udir.no)



Oppfølging av kvalitetsarbeid

Fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskrift blir oppfylte. Fylkeskommunen skal også følgje opp resultata frå vurderingane deira og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører (jf. opplæringslovas §§ 13-3 e og 13-10).

Med grunnlag i fylkesstrategien, som vedteke av fylkestinget, skal skolar og kompetanse- og næringsavdelinga utarbeide handlingsplanar. Det skal blant anna bli utarbeidd ein årleg rapport om tilstanden til den vidaregåande opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø (Kvalitetsmeldinga). Fylkesstrategien strekk seg over fire år, men blir årleg revidert.

Skoleleiarar skal sørge for gode rutinar for evaluering der både tilsette og elevar skal vere ein del av prosessen. Evalueringar av skolerresultat skaper grunnlag for vidare utviklingsarbeid, som igjen blir forankra som

prioriterte område i oppdragsavtalar, kompetanseutviklingsplanar og handlingsplanar. Oppdragsavtalar er avtalar mellom skolar og kompetansesjefen der kvar skole forpliktar seg til mål for utviklingsarbeid. Kompetansesjefen følger opp skolane gjennom året, slik at ein saman kan vurdere kva oppfølging som trengst for å nå måla. Skolane skriv kvar si årsmelding som vedlegg til den årlege Kvalitetsmeldinga.

Fylkeskommunen følger også opp opplæring i bedrift. Dette skjer gjennom årlege dialogmøte mellom skoleeigar og opplæringskontor og mellom skoleeigar og frittstående




lærebedrifter. Møta vektlegg gjennomføring og kvalitet. Svara frå lærlingundersøkinga og lærebedriftsundersøkinga blir også drøfta i møta. Resultata frå møta blir lagde fram for yrkesopplæringsnemnda kvart år. Fylkeskommunen har også eit kvalitetssystem for fagopplæringa. Alle aktørar i fagopplæ-

ringa er del av dette systemet, som sikrar at kvalitetskrava blir møtte gjennom tydelege rutinar.

Her finn ein kvalitetssystemet til fagopplæringa.

Årshjul for kvalitetsarbeid i vidaregående opplæring



Fylkesstrategiane

– ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024

Denne fylkesstrategien er ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024. Det overordna fylkesplandokumentet er organisert etter, og bygger på FN sine 17 berekraftsmål, er ein regional plan, og er utarbeidd etter krava i Plan- og bygningsloven.

Dette betyr at den, med sine underliggende dokument, skal ligge til grunn for kommunar og regionale statsetatar si verksemd. Fylkesplanen består av 24 fylkesplanmål som følgjer opp dei fire langsiktige utviklingsmåla i Regional planstrategi 2020 – 2024 (RPS):

Samarbeidsfylket

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid, samskaping og samstyring

Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

Miljøfylket

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

Verdiskapingsfylket

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentlig sektor





Fylkesplanen er kort, og inneheld berre dei 24 fylkesplanmåla og korte grunngjeingar for dei. Fylkesstrategien blir utarbeidd i samarbeid med partar som blir omfatta av strategien. Den utdjupar måla i RPS og fylkesplanen, og går ned i sitt fagfelt. Inne i fylkesstrategien vil

du finne dei fylkesplanmåla strategien går i djupna på. Resultatmål og tiltak i fylkesstrategien blir lagt inn i økonomiplanen og får finansiering der. Under ligg figur som viser plansystemet.

Regional planstrategi 2020-2024

12-årige langsiktige utviklingsmål

Fylkesplan (Regionale planer) 2021-2024

4-årige fylkesplanmål

Fylkesstrategier (fireårige)

Konkrete resultatmål for 1-4 år innanfor fylkesstrategien sine tema

Økonomiplan med handlingsprogram

Konkrete årlege tiltak




Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu.

Dette inneber ei sunn og aktiv befolkning, og ei balansert utvikling i heile fylket. Innbyggjarane har ei ønska og etterspurd utdanning, og fylket tilbyr attraktive utdanningstilbod i heile fylket. Det er trygge oppvekstvilkår og inkluderande lokalsamfunn med tilpassa transportløyser. Alle menneske uavhengig

av kjønn, alder, legning, etnisk- og sosial bakgrunn og funksjonsnivå har likt høve til å delta i arbeids-, kultur-, og samfunnsliv og skal respekterast for den dei er. Det er låg arbeidsløyse, og dei demokratiske verdiane står høgt.







Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon: 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no

- ein tydeleg medspelar

